

Arvid Langeland
Øvrebøvegen 3
5710 Skulestadmo
ar.l@online.no

Voss, den 25. februar 2011

Rettskrivingsnemnda
nynonemnd@sprakradet.no

FRÅSEGN OM FRAMLEGGET TIL NY NYNORSKRETTSKRIVING

I kortversjon er mandatet slik:

- 1 Nemnda skal laga ei tydeleg, enkel og stram norm, utan sideformer.
- 2 Norma skal vera lett å bruka.
- 3 Norma skal appellera til språkbrukarar over heile landet.
- 4 Grunnlagsarbeidet frå arbeidet med normering 2001-2003 skal vera eit fagleg hovudgrunnlag for arbeidet.

For å gjera det lettare å setja desse prinsippa ut i livet har nemnda prøvt å bruka fire prinsipp:

1. Nynorsken skal normerast på sin eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).
2. Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal verta ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).
3. Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.
4. Lite brukte former skal som hovudregel takast ut or norma, medan variantar som står sterkt, skal jamstellast.

Nemnda skriv på s. 32:

Tilnæringslinja er ikkje lenger offisiell språkpolitikk, og nemnda har såleis lagt vekt på å finna fram til dei formene som står sterkast i nynorsk, uavhengig av bokmålet.

Fleirtalet i nynorskgruppa som stod attom *1959*-rettskrivinga skreiv:

Vi er leie for at bokmålsgruppa på si side ikkje har kunna gå lenger i tilnærming enn tilfellet er. Som tilrådinga syner, blir det i bokmålet nære på status quo. [...] Tilnærminga må ikkje skje på ein slik måte at det kjennest som det berre er det eine målet som lempar seg. Stillinga i bokmålet har derfor også gjort vårt arbeid med nynorsken vanskelegare. Slik alt ligg til, meiner vi likevel at læreboknormalen for nynorsk representerer eit rimeleg og forsvarleg steg på tilnæringsvegen. Og vi oppmodar alle som nyttar nynorsk, til å slutte opp om den nye læreboknormalen, og såleis

på si side stø den tilnærming og samvokster som Norsk språknemnd etter sitt mandat skal fremja.¹

Men må ikkje då nemnda ta ut tilnærmingformene for å normera *ubunde* av bokmål? Jau, det skulle ein tru, men dét gjer ho i svært liten grad. Ho let tilnærmingformene verta verande i nynorskrettskrivinga; derimot vert i-målet teke ut saman med mange tradisjonelle former, som til dømes former som *døma, tøma, lippe, ikorn, skråme, råme, læsa og mala*.

Gjennom oppheving av tilnærmingsparagrafen i lov om Norsk språkråd i 2002 vart tilnærmingspolitikken avslutta som gjeldande politikk, men når det no ikkje vert fylgt opp i revisjonen av rettskrivinga, vert dette ikkje berre tom retorikk, men tilslørande retorikk.

At nokre få faneord som *mykje, noko* og *skule* vert eineformer, endrar ikkje på det.

Nynorsken vert soleis *omdefinert* og bygd på *framand*, ikkje eigen grunn.

I prinsippogrammet til Noregs Mållag heiter det:

Prinsippa som Aasen bygde skriftmålet på, gjer nynorsken til eit språk som alle kan kjenne seg heime i, og til ein god reiskap for tanke og kommunikasjon.

Dei viktigaste prinsippa til Aasen var:

1 Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle.²

2 I den hele Sammenstilling af Ordformer og Bøiningsformer bliver det nødvendig at stræbe efter en E n e d, saa at der ikke bliver opstillet flere Former i Stedet for een, da dette vilde føre Sproget tilbage til Landskabsmaalenes Stilling og saaledes gjøre det vanskeligt at lære.³

Eg vil i denne samanhengen òg sitera språkvitskapsmannen Einar Haugen:

Aasen meinte han hadde funne eit språk, medan andre sa han hadde funne opp eitt. Eg meiner vi no kan identifisere det som ein *rekonstruert, klassisk* standard for dei norske dialektane.⁴

Gustav Indrebø skriv:

Danskt skriftmål var knytt til *ein* dialekt: den velseda danske riksmålstala. Difor var det mogelegt – i minsto teoretisk sèt – at skriftmålet i Danmark kunde retta seg ljodrett etter denne eine godkjende riksmålstala. Men «landsmaalet» som Aasen vilde reisa, skulde vera skriftlegt uttrykk

¹ Vedlegg 4 til *Framlegg til læreboknormal 1957*. Fra Norsk språknemnd, Oslo 1957, s. 125.

² Ivar Aasen: *Frå Om vort Skriftsprog* frå januar 1836, prenta fyrste gongen i *Syn og Segn* i 1909. Her sitert frå *Skrifter i samling*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1996, del III, s. 10.

³ Ivar Aasen: *Norsk Grammatik*, § 382, Universitetsforlaget, Oslo 1965, s. 339.

⁴ Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*, Det Norske Samlaget, Oslo 1975, s. 176.

samstundes for *mange* dialektar; då vart eit ålment krav om fonetisk skrivemåte umogelegt. Landsmålet kunde vera fonetisk etter heile talemåls-grunnlaget sitt i dei tilfelle då alle dialektane fylgdest anten med at dei hadde halde likt på gamle sermerkje, eller med at dei hadde teke ved nyovringar radt likt. I alle andre tilfelle, når dialektane sprikte ifrå kvarandre, laut fyreløga verta å finna so laglegt sams skrift-uttrykk som mogelegt for dei ymse dialektane, trass i at skrivemåten ikkje kunde vera ljodtrugen imot noko einskild-målføre. Dei laut finna skrivemåtar som var laglege med at dei var *typeformer* og gjorde rett mot *systemet* i målføri (ljod- og bøygningssystemet) so vida som mogelegt. Og då syntet det seg at i mangfaldige tilfelle var dei *historiske grunnformene*, som notid-målføri hadde greina seg ut ifrå, beste typeformene, d. e. *dei mest vidtfemmande organiske samlingsformene*⁵.

[...] Målføri hadde *jor, jol*. Skrivemåten «jor» (ordboki) 1850) høvde framifrå vest og nordlengst i landet, men sette talemålsavbrigdet *jol* reint utanfyre. Grunnformi var fulla ikkje ljodleg rett for nokon, men hadde då den psykologiske fyremunen at ho femnde historisk um baa målføreavbrigde (attåt at ho høvde med norderlendskt skriftmynster). Nokon annan skrivemåte som på ei vis kunne femna um alt talemål, let seg slett ikkje tenkja ut.⁶

Nynorsken byggjer soleis på dialektane, og dét ikkje berre i hovuddraga: Mange finn nok att sitt eige mål i detaljar òg. Men alle må gje slepp på noko i ei samlande norm.

Rettskrivingsnemnda bryt med Aasen sine prinsipp:

Dersom eitt talemålstrekk er typisk for ein stor landsdel og eit anna for ein annan stor del av landet, har det gjerne vore eit argument for å behalda to valfrie former.⁷

Med denne innstillinga blir hierarkiet i nynorsk rettskriving fjerna. Alle former som blir tillatne i den nye rettskrivinga, er jamstilte. Sjølv om rettskrivingsnemnda no tek mange former – både klammeformer og hovudformer – ut or rettskrivinga, blir valfridomen i den nye rettskrivinga like stor eller kanskje større enn han er i dagens *læreboknormal*.⁸

Avstanden til Aasen sine prinsipp vert forsterka av di det

etter nemnda sitt syn [er] klokt å halda på valfridommen i dei orda som er frekvente. I mindre frekvente ord bør det halda med ei form.⁹

Men etter mitt skjøn må det vera nett omvendt. Om ein kan skriva både *rakel* og *rakkel* og *hovold* og *hovel*, so gjer det ingen skade. Derimot er det problematisk at ein skal kunna skriva *ynskeja/ynskeje*, *ynska/ynske*, *ønskeja*, *ønska*, *ønskeje*, *ønske*. At setninga *Me ynskejer velkommen* etter høyringsframlegget vil kunna skrivast på sekstan ulike måtar på nynorsk, er å føra nynorsken attende til «Landsskapsmaalenenes Stilling og saaledes gjøre det vanskelig at lære».

⁵ Gustav Indrebø: *Norsk målsoga*, Bergen 2001, s. 472.

⁶ Same staden, s. 473.

⁷ *Høyringsframlegget*, s. 32.

⁸ Same staden, s. 31.

⁹ Same staden, s. 58.

Nemnda er usamd med normeringsprinsippa som Aasen bygde på, og går i røynda til *eit frontalåtak på grunnlaget til nynorsken*. Dette ansvaret ligg ikkje åleine hjå nemnda; mandatet kan verka motsetningsfylt. Men det må då òg seiast at prinsippa til Aasen nett hadde som mål å appellera til språkbrukarar over heile landet.

Bokmålet byrja restaureringa av riksmålet alt i 1981. I 2005 var ho praktisk talt fullført. *Aftenpostens rettskrivningsordliste* og *Norsk Riksmålordbok* sikrar at bokmålet viser seg i ei einskapleg og konservativ form.

Bokmålet er soleis truge mot sitt eige grunnlag. Gjennom dominans og hegemoni fær det prestisje som gjer at det no i somme dalføre går føre seg ei regelrett avdialektifisering – folk skifter frå eit nynorskknært målføre til bokmålsnært talemål.¹⁰

Når undertrykkjinga på denne måten er vorten fullført, er bokmål vorte det nye folkemålet. Som Aasen skreiv alt i 1836:

Desuden vilde hiin Aarhundredets Reformation, som ovenfor tilsigtes, blive en evig Opbyggen og Neddriven, da Sproget, manglende en bestemt Basis, stedse vil vakle fra det Ene til det Andet, saa man ikkje veed, hvad man skal holde sig til. Og derhos frygter jeg for, at det rette Nationale vil omsider vige for det Fremmede, at nemlig Folkesproget, bliver det, som reformeres.¹¹

Dersom ein ikkje går inn i desse grunnlagsproblema, vil målrørsla snart stå argument- og våpenlaus.

Me er nøydde til å samla oss om einskap i rettskrivinga for at nynorsken skal kunna stå seg som eit sjølvstendig mål jamsides med bokmålet. Berre ein einskapleg nynorsk vil ha kraft nok til å skapa ein alternativ prestisje. Ein slik nynorsk vil dessutan vera det beste vernet og ryggstøet dialektane kan få.

I ordsiftet om *ordtilfanget* skreiv Magne Rommetveit i 1983 at han registrerte ein tydeleg tendens til at dialektane var i tilbakegang, og han meinte dei ville koma til å spela ei underordna rolle i framtida. Etter hans meining måtte ein venta at utviklinga ville gå snøgt:

Folk flyttar i dag meir enn før – frå det eine dialektområdet til det andre, frå yrkesmiljø til yrkesmiljø. Talemålet blir påverka av dette. Med andre ord: «naturleg talemål» utviklar seg meir og meir frå eit «morsmål» med rot i eit målføre til å bli eit ustabil uttrykksmiddel som skifter frå person til person. Og det finst ofte i sprikjande former hos ein og same personen – alt etter talemålssituasjonen og evne til å stå mot språkleg press i påverknadsmiljøet. Her kjem massemedia inn som eit dominerande påverknadselement. Ei rivande utvikling i medieteknikken påskundar denne utviklinga – med god støtte i offentleg administrasjonsmål og i målet i

¹⁰ Sjø Brit Mæhlum: *Konfrontasjoner*, Novus forlag, Oslo 2008, s. 53–54.

¹¹ Ivar Aasen: *Frå Om vort Skriftsprog* frå januar 1836, prenta fyrste gongen i *Syn og Segn* i 1909. Her sitert frå *Skrifter i samling*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1996, del III, s. 10.

undervisningsmateriell. Med andre ord: vi merkar ei meir eller mindre medviten tilpassing til normert mål.¹²

Konklusjonen hans var at

det vil bli normalmål som avgjer språkutviklinga i landet, ikkje naturleg talemål. Det er difor eit feilgrep om vi tuftar framtida til nynorsk skriftmål på eit konglomerat av naturlege talemål, som er oppblanda med meir eller mindre dårleg bokmål. Nynorsken er best tent med eit fast og einsarta målsystem, som er ein *overbyggnad* over dialektane, og som er lett å læra. Vi må ta vare på innarbeidd nynorsk ordtilfang – som i dag må reknast som eit stort pluss dersom vi ønskjer ei jamn og harmonisk utvikling med røter i norsk kulturtradisjon. Blir ein slik samnemnar brukt mykje i massemedia, kan vi ha von om å påverka framtidnorsken.

Held vi derimot fram med å praktisera slagordet «Skitt i Norge, leve Tøten», er vi snart tilbake til tida før Ivar Aasen, og vi kan då venta at nynorsken om ikkje så lenge vil bli fullstendig undertrykt av bokmålet.¹³

Ola I. Breivega og eg sende den 7. april 2010 eit framlegg til revisjon av rettskrivinga til nemnda. I oversendingsbrevet bad me om at arbeidet vårt måtte verta *lagt til grunn* for revisjonen av nynorskrettskrivinga (vår utheving no).

Framlegget byggjer på læreboknormalen og skulle soleis vera eit godt utgangspunkt for eit kompromiss utan å verta prinsiplaust. *Alt* i framlegget er sjølvsagt ikkje like viktig; òg nynorsken kan leva med nokre lyte og inkonsekvensar. Det gjeld til dømes mykje av *e/æ*-problema. Skrivemåtar som har konsekvensar for uttalen, som til dømes *skåp* og *tenkjing/leggjing*, er derimot fundamentale.

Med helsing
Arvid Langeland

Vedlegg:

Ola I. Breivega og Arvid Langeland: *Tradisjonell og fylgjerett nynorsk*, Voss og Stokke, den 5. april 2010.

¹² I Arne Lauvhjell (red.): *Heit strid om nynorsk*, Oslo 1983, s. 100.

¹³ I Arne Lauvhjell (red.): *Heit strid om nynorsk*, Oslo 1983, s. 100.